

Omtaler av søknadar om tilskot frå statsbudsjettet 2020 kap. 1429 post 71 freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap

Nr.	Søklar	Objektnamn	Tiltak	Samla kostnad	Søknads-sum	Framlegg til tildeling	Grunngjeving
Alver							
1	Museumssenteret i Hordaland. Avd. Lyngheiseret	Lyngheilandskap et på Lygra	Skjøtsel av kulturlandskap: aktiv autentisk heilårsdrift av kystlyngheiene på Ytre Lygra	886 344	886 344	630 000	Lyngheiane på Lygra ligg i UNESCO biosfæreområde, og er kjerna i KULA-landskapet Den Indre farleia. Det er eit særleg verdifullt lyngheilandskap, og driftast som eit komplett system. Tilskotet vert lagt på same nivå som i fjor.
Askøy							
2	Tore Andre Frugård	Thomas Erichsens Minde	Istandsette og stadvis byte engelske vindauga, ordne arker, ordne sprinkleranlegg samt nokre utbetringar.	900 000	900 000	250 000	Lekkasjar i takarkene må stansast før skadebiletet utviklar seg. Resterande del av søknaden er støtteverdig, men grunnlaget for søknaden er frå 2012 og må oppdaterast. Tilskotet går til sikring av pågåande lekkasjar, og utarbeiding av oppdatert søknad.
Aurland							
3	Stiftinga Otternes bygdetun	Eilertstova	Ferdigstilling av oppstarta arbeid med istandsetjing av grunnmur, laftekonstruksjon, dører/vindauga og takrenner/nedløp.	1 114 452	280 000	100 000 (2020) + 180 000 (2018)	<p>Prosjektet fekk tilskot frå post 71 i 2018 og er starta opp, men ikkje ferdigstilt. Eigar søker om å behalde det ubrukte tilskotet frå 2018 og om kr. 100 000,- i nye tilskot då prosjektet har blitt dyrare enn forventa. Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at prosjektet vert ferdigstilt og tilrår at det resterande tilskotet frå 2018 vert tildelt på nytt, samt at det vert løyvd kr. 100 000,- i nye midlar.</p> <p>Otternes-tunet er ikkje freda, men fylkeskommunen planlegg å starte opp fredingssak, og kan av den grunn løyve tilskot til istandsetjingsprosjekt i tunet.</p>
4	Stiftinga Otternes bygdetun	Nystova i Guttormgarden	Utbetring av taklekkasje og legge på plass takstein og vedlikehald av steintrapp	160 000	160 000	100 000	<p>Søknaden omhandlar ulike tiltak på alle bygningane i tunet. Fleire av tiltaka er ordinært vedlikehald og det må forventast at eigar gjer dette utan tilskot frå post 71. Søknaden er noko mangelfull, mellom anna er det ikkje sett opp kostnad på dei ulike tiltaka knytt til bestemte bygningar og eigar søker berre om ein sum for ulike tiltak.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer at det er viktig å utbetre taklekkasjen og taksteinen på Nystova i Guttormgarden for å hindre ytterlegare skade på bygningen og føreslår at det vert løyvd</p>

							<p>tilskot til utbetring av taklekkasjen og takpannene på Nystova i Guttormgarden.</p> <p>Otternes-tunet er ikkje freda, men fylkeskommune planlegg å starte opp fredingssak, og kan av den grunn løyve tilskot til istandsetjingsprosjekt i tunet.</p>
5	Stiftinga Otternes bygdetun	Thomasløa	Utbetring av skadde/manglande opplengje	Sjå pkt. 4		Avslag	<p>Søknaden omhandlar ulike tiltak på alle bygningane i tunet. Fleire av tiltaka er ordinært vedlikehald og det må forventast at eigar gjer dette utan tilskot frå post 71. Søknaden er noko mangelfull, mellom anna er det ikkje sett opp kostnad på dei ulike tiltaka knytt til bestemte bygningar og eigar søker berre om ein sum for ulike tiltak.</p> <p>Thomasløa har behov for omfattande vedlikehald og fylkesdirektøren vil her råde eigar til å utarbeide eit heilskapleg prosjekt for løa for søknad om tilskot i 2021.</p> <p>Otternes-tunet er ikkje freda, men fylkeskommune planlegg å starte opp fredingssak, og kan av den grunn løyve tilskot til istandsetjingsprosjekt i tunet.</p>
6	Stiftinga Otternes bygdetun	Ulike hus	<p>Vedlikehald av dører og låsar.</p> <p>Alle bygningar: takrennesjekk</p>	Sjå pkt. 4		Avslag	<p>Søknaden omhandlar ulike tiltak på alle bygningane i tunet. Fleire av tiltaka er ordinært vedlikehald og det må forventast at eigar gjer dette utan tilskot frå post 71. Søknaden er noko mangelfull, mellom anna er det ikkje sett opp kostnad på dei ulike tiltaka knytt til bestemte bygningar og eigar søker berre om ein sum for ulike tiltak.</p> <p>Vedlikehald av dører og låsar må spesifiserast betre før ein kan vurdere kva tiltak som det kan løyvast tilskot til. Takrennesjekk på alle bygningane vert vurdert til å vere ordinært vedlikehald.</p> <p>Otternes-tunet er ikkje freda, men fylkeskommune planlegg å starte opp fredingssak, og kan av den grunn løyve tilskot til istandsetjingsprosjekt i tunet.</p>
Austrheim							
7	Mikal Krossøy	Krossøy sjøbruksmiljø, torvhuset	Utskifting av kledning, vindskier og dekkbord.	21 000	11000	4 500	Bygningane i Krossøy står utsett til og tidvis utskifting av kledning, vindskier og dekkbord er vanleg. Tiltaka er vurdert å gå utover vanleg vedlikehald og er såleis støtteverdig.

							Søknaden syner om lag 50% eigeninnsats. Vi tilrår støtte til materialkostnader.
8	Mikal Krossøy	Krossøy sjøbruksmiljø, sjøbua	Utskifting av kledning, vindskier og dekkbord.	Summen er lagt inn i summen for torvhuset.		4 500	Bygningane i Krossøy står utsett til og tidvis utskifting av kledning, vindskier og dekkbord er vanleg. Tiltaka er vurdert å gå utover vanleg vedlikehald og er såleis støtteverdig. Søknaden syner om lag 50% eigeninnsats. Vi tilrår støtte til materialkostnader.
Bergen							
9	Jørgen Jørgensen	Møllersalen, hovudbygning	Istandsetting av mura, kalkpussa trapp på vestveggen	63 981	50 000	Avslag	Tiltaket inneber ei naudsynt istandsetting, men sidan det allereie er utført kan det ikkje støttast.
10	Stiftelsen Espeland fangeleir	Espeland fangeleir, 02 brakke I	Gavlveggen mot nord er vêrutsett. Ynskjer å bytte eternitplater med opphavleg ståande panel og male med komposisjonsmaling samt vedlikehald av vindauga	146 203	109 652	80 000	Det er nyleg drenert rundt bygget og kjeller verkar tørr og fin, men ved synfaring vart det avdekka fuktskadar rundt vindauga og i gavlvegg mot nord vart det funne spor etter sopp i eitt av romma, og det er dermed ikkje eigna til opphald. Bygningen er bygget som forlegningsbrakke i 1945 og ombygd til sivilforsvarsføremål i 1954. Bygningen er eit typisk døme på tysk typebygg for leirføremål og inngår som eit sentralt element i okkupasjonstidas fangeleir på Espeland. Fredinga omfattar eksteriør og interiør, og har bevart original romstruktur og planløsning, samt fleire opphavlege detaljar. Bygningen har stor arkitektur- kulturhistorisk og symbolsk verdi nasjonalt, og tiltaket inneber ei naudsynt utbetring for å forhindre vidare forfall.
11	Stiftelsen Espeland fangeleir	Espeland fangeleir, 05 administrasjonsbygningen	Vegger mot nord er vêrutsett. Ynskjer å bytte eternitplater med opphavleg ståande panel og male med komposisjonsmaling samt vedlikehald av vindauga	170 600	127 950	Avslag	Det omsøkte tiltaket på 05 administrasjonsbygg bør takast, men det er ikkje prekært. Det vart i 2019 løyvd kr. 1.019.000 i førehandstilsegn for 2020 til bygningane 07 magasinbygg, 09 messe, 15 vaktbu, og utskifting av takrenner i Espeland fangeleir, og difor vurderer fylkesdirektøren å ikkje prioritere tiltaket i denne runden.
12	Stiftelsen Espeland fangeleir	Espeland fangeleir, 03 brakke II	Lekkasje rundt pipe, råteskader, samt store setningsskader i kjelleren, restaurere vindauga og male.	1 903 125	1 427 343	20 000	Det er ikkje rom for å setje i stand eit større tiltak på denne bygningen, men delar av tiltaket er viktig for å forhindre vidare fukt- og lekkasjar, og fylkesdirektøren tilrår støtte til denne delen av tiltaket.

13	Stiftelsen Espeland fangeleir	Espelend fangeleir, Utomhus - tilbakeføring av piggrådgerde og rekkverk	Forlenging av opphavleg piggrådgerdene langs elva, og tilbakeføre opphavleg rekkverk på murkanten mot elva.	1 000 000	750 000	330 000 (2021)	Tilbakeføring av opphavleg piggrådgerde og rekkverk er viktige tiltak for å forsterke opplevings- og kunnskapsverdien av Espeland som fangeleir. Espeland fangeleir mottar mange skuleklassar i løpet av året, og i denne runden tilrår fylkesdirektøren støtte til rekkverk mot elva då det òg er eit viktig sikringstiltak. Tiltaket vert utført av venneforeninga og er såleis viktig for å oppretthalde det frivillige aktivitetsnivået. Fylkesdirektøren tilrår førehandsløyve til rekonstruksjon av opphavleg piggrådgerde då dette krev maskinelt utstyr og må utførast av entreprenør.
14	Krigsveteranenes Minne Kronstad	Kronstad hovedgård, hovudbygning	Ferdigstilling av vindfang mot sør, og søknad om istandsetting av vindfang mot nord.	1 300 000	1 300 000	500 000	Arbeidet med det søre vindfanget er godt i gang, og det vert søkt om midlar til å ferdigstille arbeidet med dette, samt vindfanget mot nord. Istandsettinga av søre vindfang vert noko meir omfattande enn først rekna med, men ein forventar at vindfang mot nord blir rimelegare då ein der unngår grunnarbeid og full demontering. Søknaden har ingen eigendel, men vi er kjend med at Stiftinga Krigsveteranenes Minne legg ned eit betydeleg arbeid pr. år i skjøtsel, administrasjon og forvaltning av eigedomen.
15	Krigsveteranenes Minne Kronstad	Kronstad hovedgård, stallen	Ferdigstilling av stallen - utvendig malerarbeid	200 000	200 000	20 000	Istandsettinga av stallen er tilnærma ferdig, men maling av vegger står att. Relativt høg søknadssum som ikkje synleggjer eigeninnsats. Vi tilrår støtte til kjøp av maling.
16	Gerdt Meyer Bruun a/s	Reperbanen på Fjøsanger	Søknad om tilskot til vidareføring av restaureringsarbeid/ konservering i tråd med sameina plan. Arbeida er vidare istandsetting av tak, utskifting av tilhøyrande konstruksjonar. Terrengarbeid. Reperasjon og produksjon/montering av takluker (kopier). Prosjektering av	4 437 500	4 111 500	700 000 + 700 000 (2021)	Reperbanen på Fjøsanger er sjeldant i nasjonal samanheng. Det er eit stort og særleg tyngande anlegg å vedlikehalde. Tiltaka heng saman, men prosjektet bør ha eigenandel. Tildeling 1 400 000 over to år.

			brannsløkkjeanlegg/ sprinkleranlegg.				
17	Nord- og Midthordland høgskulelag	Store Milde, hovudbygning	Førebuing av utbetring av to salar (regence- og rokokkosalen)	500 000	500 000	Avslag	Dei to dekorerte salane på Store Milde er særers verdifulle interiør med stor trong for istandsetting, og tiltaket er viktig. Konkretisering av kva arbeid som faktisk skal gjerast, er ein del av prosjekteringa som det også vert søkt om i år. Det er difor enno ikkje grunnlag for eit kostnadsestimat eller berekning av ein tilskotssum.
18	Nord- og Midthordland høgskulelag	Store Milde, hovudbygning	Prosjektering av kommande istandsetting	287 500	287 500	200 000	Bygningen er stor og har sjeldsynte kvalitetar, og den omfattande istandsetjinga som trengst krev god planlegging. Tiltaket byggjer vidare på eit grundig forprosjekt som fekk tilskot i fjor, og istandsetjinga må sjåast i eit heilskapleg, fleirårig perspektiv. Det vert difor prioritert å gi tilskot til eit hovudprosjekt, men noko eigendel må krevjast.
19	OBOS Eiendom as	Kjøttbasaren	Dekking av antikvariske meirkostnader ved ei rekke gjennomførte tiltak, m.a. tilrettelegging for vidare bruk, omfattande oppgradering av tekniske anlegg og rehabilitering av fellesareal	22 240 541	3 336 136	400 000	Søknaden er grunngeven i kulturminnelovas føresegn om at fordyrande dispensasjonsvilkår gir eigar rett på heilt eller delvis vederlag. Dei fleste av tiltaka gjeld fornying av innreiing og tekniske anlegg som er knytt til næringsverksemda i bygningen. For kjølerørstyring vart det stilt vilkår som verka fordyrande, og meirkostnadene ved dette tiltaket kan difor delvis kompenseras.
20	Anne Margrethe Konow-Lund	Sophies Minde hovedbygning	Restaurering av bygningens bakside med stillas, murerarbeid, kledning, tak og pipe.	1 420 541	1 420 541	1 200 000	Søknaden legg til grunn ein detaljert rapport frå Gamle3hus. Høg kostnad spesielt knytt til stillas, men godt grunngeve med at bygningen ligg rett ved ein bratt bergside og er tilnærma uframkommeleg. Arbeidet bør ikkje delast opp då det er naudsynt å leige stillas, og kostnadar aukar om arbeidet vert delt opp. Staden bygningen ligg på gjer at vedlikehaldsbyrden vert særleg stor for eigar.
21	Anne Margrethe Konow-Lund	Sophies Minde hage	Ynskjer ein geometrisk oppmåling av hagen med GPS. Samanlikne med gamle foto og skisse.	28 125	28 125	10000	Fekk midlar i 2018 til avdekking av den historiske hagen, og søker om nye midlar til vidareføring av dette arbeidet. Eit lite, men viktig arbeid som kan auke kunnskapen om historiske hagar knytt til lyststader. Grøne kulturminne vert ofte gløymt og er eit felt som bør sjåast i samanheng med freda bygningar.

							Det er ønskeleg med fleire slike detaljundersøkingar generelt i kulturminnevernet.
22	Boligen borettslag	Arbeiderboligen 2-4-6	Søknad om tilskot til utskifting av eldre brannalarmsystem	127 762	127 762	70 000	Brannsikring er høgt prioritert og ein tilrår støtte til utskifting av utdatert brannalarmsystem. Søknaden har ikkje eigendel. Fylkesdirektøren tilrår at det vert løyvd ein noko mindre sum en omsøkt som delfinansiering av prosjektet.
23	Sandviksveien 60 og 62 as	Sandviksveien 60-62 Mesterhuset	Søker om midler til istandsetting av golv i 8 rom, istandsetting av 35 vindauge med listeverk og varevindauge, dører, tilbakeføring av grue i rom 116, istandsetting av kneveggar og forsterkning av vegger, fundamentering for ovner/isolasjon/brannmur, trapp mm.	2 850 000	1 425 000	600.000 + 600.000 (2021)	Reperbanen i Sandviken er eit samansett anlegg som er sjeldant i nasjonal samanheng. Det er stort og medfører eit særleg tyngande vedlikehaldsansvar. Istandsettingsprosjektet har pågått over fleire år, er godt organisert og har god kompetanse.
24	Morten Knutsen Albeslag as	Skuteviksboder 14-15	Skuteviksboder 14 og 15 ble rammet av brann i september 2008, og fikk ikke nok forsikringspenger til å dekke utgiftene til gjenreisningen etter brannen.	1 800 000	1 800 000	Avslag	Det er tidlegare gjeve 1 million til kompensasjon for antikvariske meirkostnader til Skuteviksboder 14 og 15, noko som representerer vel 30% dekking av antikvarisk meirkostnad.
25	Tryllefløyten Steinerbarnehage SA	Stamerhuset	Omfattande istandsetting: utbetring av berekonstruksjonar, kledning, vindauge, ytterdører, asbestsanering mm (1. prioritert); innvendig istandsetting - golv, dører, dekormåling mm; utvendig drenering, tilbakeføring av	10 661 650	4 161 650	1 000 000 + 1 700 000 (2021)	Bygningen er generelt nedslitt. Det er særleg viktig å utbetra skader i konstruktive delar og fukt/røteskader. Eksteriøret har mange opphavlege bygningsdelar, og naudsynt istandsetting av desse vert òg prioritert. Enkelte tiltak gjeld tilbakeføring og er mindre naudsynt for ivaretakinga, og kan difor prioriterast ned. Arbeidet er planlagt utført 2020-21, og delar av tilskotet kan difor gjevast som førehandstilsegn. Søknadssummen svarar til fullfinansiering av tiltak med prioritet 1 og 2, og noko eigendel må påreknast. Istandsettinga er knytt til tilrettelegging for ny bruk som barnehage. Grundig og heilskapleg søknad.

			vindaugslemmer (2. prioritet).				
26	Janne Gullaksen Urdu eiendom as	Urdihuset	Søknaden omhandler mellom anna: Ny taktekking, 10 nye takvindauge, rekonstruere opphavleg trappeløysing, reparere råteskader i søyler, restaurere hovuddør, restaurering av to vindauge i frontfasaden, fire nye vindauge mot nordøst/nordøst.	830 000	830 000	80 000	Urdihuset er eit av dei beste døme på seinempire. Søkjar vil no m.a. tilbakeføre / rekonstruere opphavleg innvendig trappeløysing for å auke tilgongen til loftsetasjonen, montere 10 nye takvindauge og skifte all takstein. Fleire av dei nemnde tiltaka i søknaden vil krevje dispensasjon frå kulturminnelova, sjølv om det gjeld tilbakeføring. Vi tilrår støtte til reparasjon av råteskader i søyler i fronten og restaurering av hovuddør.
27	ANS Torgalmenningen 14/B + B arkitekter as	Sundts varemagasin	Utskifting av vindauge i 5.etasje med formålsstøpte kopiar i stål. Lekkasjer frå vindauga har gjeve skader på brystning og golv. Vindauga må bytast ut samstundes med reparasjon av brystning og golv for ikkje å få nye skader.	4 461 318	4 461 318	400 000 + 500 000 (2021)	Sundtbygningen er freda som eit hovudverk i norsk modernisme, vindauga er framheva som heilt vesentleg element. Bygningen har fuktskadar frå vindauge i brystning og golv. 5. etasje står utan bruk. Stålvindauga har rustskader og utgjør 50% av veggarealet i eksteriøret, og må spesialproduserast for akseptabel antikvarisk løysing. Utskiftinga går over fleire år, og det tildelast i tråd med det.
28	Johan Langes Legat	Store Fjøsanger hovedgård, hovudbygning	Ny to-fløya hagedør som kopi av den opphavlege, defekte døra	87 934	72 000	53 000	Døra er i dårleg stand og treng omfattande utbetring. Ei dør som kan brukast er ein fordel for bruken og bidreg til betre tilbod for publikum. Tiltaket inneber òg tilbakeføring av detaljar og aukar difor dei arkitektoniske verdiane. Eigendelen i søknaden er noko låg.
29	Stiftelsen Bymuseet i Bergen	St. Jørgens hospital	Undersøking av grunnforhold og setningsskadar på det freda anlegget, og årsakene til desse: Setningsmålingar over tre år, med nye og eksisterande målepunkt	790 000	770 000	Avslag	Anlegget har omfattande setningsskader, og det er viktig å få kartlagt skadeutvikling og årsaker. Samstundes kan det ha store fordeler å sjå tiltaket i ein større kontekst, både geografisk med området rundt, utbetring av kommunal infrastruktur og samanhengen mellom bevaring av arkeologiske kulturlag og bygningar. Dette krev ei meir omfattande prosjektering enn det som ligg til grunn i søknaden. Tiltaket vert difor ikkje prioritert i denne tildelingsrunden.

			på bygningane, boreprøver og miljøbrønner i grunnen, geoteknisk rapport.				
30	Stiftelsen Bymuseet i Bergen	St. Jørgens hospital, hovudbygning.	Vidareføre istandsetting av takflaten - langsida mot vest, samt valmane.	1770 000	1470 000	700 000	Det vart søkt om 757 800,- for tilsvarande omlegging av langsida mot aust i 2018. Tilskotet var på 600.000,- Søknadssummen verkar høg sjølv om valmane er inkludert i dette tiltaket.
31	Stiftelsen Bymuseet i Bergen	Alvøen hovudbygning	Delvis utskifting av takrenner i sink og reparasjon av takrenner som lekk og renn over fleire stader på hovudbygningen.	320 000	170 000	170 000 (2021)	Fullføring av pågåande tiltak knytt til tak vert prioritert.
Bjørnafjorden							
32	Fortidsminneforeningen	Holdhus gamle kyrkje	Tjærebreining av heile eksteriøret unnateke størstedelen av nordveggen, og restaurering av to vindauge på vestveggen.	643 825	643 825	250 000	Tiltaket er i hovudsak ordinært vedlikehald, men det er kostbart å tjærebreie ei kyrkje, noko som gjer at fylkesdirektøren vurderer å løyve tilskot til dette prosjektet. Eigar søker om fullfinansiering. Då tiltaket er å rekne som ordinært vedlikehald og fylkeskommunen har fått mindre tilskot enn det vi søkte om, har fylkesdirektøren valt å redusere forslaget om støtte til det.
Bømlo							
33	Herman Folgerø	Foldrøyhamn handelsstad, «Gjestgiveriet»	Istandsetting av røteskada bolverksfundament, utbetring av røteskader i svillstokkar, førebygging av vidare forfall ved å demontera og	1 249 100	696 050	250 000	Kulturminnet er ikkje freda, men vurderast til å vera særleg verneverdig kystkultur og fell difor inn under tilskotsordninga. Det er ein verdifull representant for dei gamle handelsstadene, og bolverkskonstruksjonen gjer hovudhuset sjeldsynt. Det tel òg positivt at eigar har planar om ålmennyttig bruk av handelsstaden. Søknaden er omfattande, og sidan kulturminnet ikkje er freda vert det ikkje rom for å innvilga

			mellombels dekk til kledning og vindauge				søknaden fullt ut. Det vert subsidiært søkt om tilskot til førebygging av vidare forfall, og dette vert prioritert.
Høyanger							
34	Bjørn Alexander Berstad	S. Kloumanns alle 1 - brygge	Reparasjon av betongbrygge	70 000	35 000	21 000	Brygga er ein del av områdefredinga og er eit opphavleg element. Material bruken er truleg ikkje original og tiltaket grensar til vanleg vedlikehald. Fylkesdirektøren rår likevel til å gje tilskot, sidan bryggene til direktør- og funksjonærbustadane er ein viktig del av heilskapen og syner klassesdelinga i industrisamfunnet.
34	Venneforeininga for Bispestova i Lavik	Bispestova i Lavik	Reparasjon av bjelkelaget og golv i kjøkenet Sikring og reparasjon av «hovudtrappa» og «kjøkentrappa»	99 331	84 331	75 000	Naudsynte reparasjonar for å betre tilstandsgraden av kjøkenet. Naudsynt sikring for at publikum skal ha tilgjenge til historisk utstilling i andre høgda. Høg dekningsgrad sidan bygningen er eigd av ein frivillig organisasjon og er open for publikum.
Kvam herad							
36	Frank Lunde	Prestegardsnauset i Strandebarm	Søknaden omhandlar demontering av rastehelletaket grunna lekkasje og dårleg innfesting av rasteheller samt skifte ut råteskada deler av konstruksjonen.	718 913	518 913	200 000 og kr. 300 000 frå tilbaketrente midlar	Tiltaket inneber omlegging av rastehelletaket og i samband med det skifte ut råteskada deler i primærkonstruksjonen og eventuelt skada bygningselement. Pågåande taklekkasje gjev høg prioritet.
37	Hardanger folkemuseum	Borgstova i Vikøy prestegard	Fullføra krotinga av stoverommet ved å krotad den fjerde veggen, og tillaging av lemmer framfor vindaug	30 000	30 000	20 000	Krotinga kan reknast som kunnskapsutvikling/ kompetansebygging i ein nesten utdøydd handverkstradisjon og kvalifiserer difor for støtte, sjølv om bygningen er i kommunalt eige.
Kvinnherad							
38	Stiftelsen Fjelberg Prestegard	Bispestova, Fjelberg prestegard	Utbetring av råteskada kledning på vestgavlen	150 000	150 000	75 000	Veggen har eit klart behov for istandsetting. Kostnadsoverslaget er grovt estimert og synast noko høgt, og det bør leggjast til grunn ein viss eigendel.
39	Baroniet i Rosendal/Den Weis-Rosenkronske stiftelse	Baroniet Rosendal, hagen	Oppfølging av beplantningsplan i form av vernetiltak kring vekster grunna auka	503 000	250 000	78 000	Beplantningsplan og forvaltningsplan kjem i 2020. Har sponsormidlar, som dekkjer trebeskyttarar. Låg eigenfinansiering. Tilrår 78.000 til inngjerding nye trær.

			hjørteplage. Etablering av egen planteskule.				
40	Stig Fredheim	Naust Sunndal	Kjøp av brukte takheller, transport, sortering og legging av taket	468 750	468 750	200 000	Tiltaket inneber ei slutføring av ei fullstendig, fleirårig istandsetting og vert difor prioritert. På bakgrunn av at prosjektet har hatt ei høg tilskotsandel ved tidlegare tildelingar, vert ein større eigendel lagt til grunn for årets tildeling.
41	Rita Ramondou	Kapteinsgården	Søknaden beskriv istandsetting av taket. Søknaden (ein søknad der to prosjekt er beskrivne) beskriv lekkasje i taket på sida med ark, samt at hagemuren delvis er rast ut.	170 000 / 280 000	170000	150 000	Skifertaket er i dårleg stand grunna mykje dårleg/knust eller nedsigen skiferstein. Det har vore fleire lekkasjar som er tetta midlertidig, og for å få ei varig løysing må deler av taket mot vest leggast om. Generelt har takarbeid høg prioritet då følgjeskader kan bli store. Det føreligg to kostnadsoverslag der største er på 280 000.
42	Rita Ramondou	Kapteinsgården	Reparasjon av hagemur	40 000	40 000	Avslag	Hagemuren er ikkje del av fredinga og søknaden vert avvist.
Luster							
43	Inger Lise C. Fladhammer	Flammer Hovudhuset	Istandsetjing av interiør i to soverom, gamlastova (storstova) og gang/trapperom	1 183 206	1 183 206	150 000	<p>Mykje av tiltaka er ordinær oppussing/oppgradering og det er ikkje nokon antikvariske meirkostnadar med det. Det vil vere nokon meirkostnadar knytt til eit av soveromma og val av målingstype i gang/trapperom. Fylkesdirektøren tilrår difor at det vert løyvd ein mindre sum til dette arbeidet.</p> <p>Gamlastova har tapet, listverk, dører, tak og golv som er gamle og omfatta av fredingsvedtaket. Tiltaket slik det er skildra i søknaden vil føre til tap av dette interiøret og fylkeskommunen kan ikkje gje dispensasjon frå fredingsvedtaket til gjennomføring av dei omsøkte tiltaka. Fylkesdirektøren ser at det er behov for å setje i stand gamlastova og meiner at ein her må starte med å få rommet undersøkt av fagfolk på interiørkonservering. Av den grunn rår fylkesdirektøren hovudutvalet til å løyve ein mindre sum til ei fagleg undersøking av rommet og utarbeiding av plan for istandsetjing av det.</p>
44	Stiftinga Ormelid Gard	Ormelid Steinstova	Istandsetjing av interiør og eksteriør i steinstova. Søknaden omfattar	4 047 355	2 817 000	1 500 000	Søknaden er svært omfattande med mange ulike tiltak. Ein del av tiltaka er nødvendig å få gjennomført for å bevare bygningen. Dette gjeld arbeid på tak/takkonstruksjon, murveggane, reparasjon av dører og vindauga. Dette er tiltak

			<p>fylgjande tiltak på: Eksteriøret: Reparasjon av tak, endre takkonstruksjon og høgde i mellomgangen mellom steinstova og øvstestova, demontering og oppattmuring av skada parti i murane, ny trapp til loftet reparasjon av ytterdører, reparasjon av vindauga. Interiøret: Reparasjon/utskifting av ein av takbjelkane i stova, fjerning av måla veggplater i stova, demontering av peisen i stova med oppattmuring med nytt fundament for grue på kjøkkenet, ny kjøkkeninnreiing, erstatte linoleumsbelegg og betonggolv på kjøkkenet med nytt hellegolv, istandsetjing av interiøret på loftet og nytt varegolv.</p>				<p>som det er nødvendig å gjennomføre og som fylkesdirektøren tilrår at det vert løvyd tilskot til.</p> <p>Ein del av dei andre tiltaka har behov for ytterlegare undersøking før vi kan tildele tilskot. Det kan vere at nokon av dei er i strid med føremålet for fredinga og ei fylje av dette er at fylkeskommunen ikkje kan gje dispensasjon frå vedtak om freding til desse tiltaka. Fylkeskommunen har avtalt synfaring med eigar i april, så snart det er mogleg å kome opp til eigedomen. Etter denne synfaringa vil fylkeskommunen ta stilling til tiltaka og det kan difor vere aktuelt å tildele meir tilskot til dette prosjektet. Fylkesdirektøren tilrår difor at ein del av summen i vedtakspunkta 7 og 10 kan brukast til tiltak her dersom dei er i tråd med føremålet med fredinga.</p>
45	Stiftinga Ormelid Gard	Ormelid Stabburet	Maling av vindauga/karmar som er restaurerte. Maling av golv og tak i Vetlastovo.	145 000	101 000	40 000	<p>Tiltaka er i hovudsak ordinært vedlikehald, men det vil kome noko meirkostnadar knytt til at ein må nytte seg av linoljemåling. Kostnadane med tiltaka på stabburet er rekna saman med kostandane med tiltak på Øvstastova. Garden er eigd av ei stifting som arbeider for å gjere det tilgjengeleg for ålmenta. Fylkesdirektøren tilrår at ein her løyver ein mindre sum til kvar av bygningane for å dekke meirkostnadar ved å nytte linoljemåling.</p>

46	Stiftinga Ormelid Gard	Ormelid Øvstestova	Maling av nye vindauga og lister, samt golv og karmar i første etasje.	Summen er lagt inn i summen for stabburet		30 000	Tiltaka er i hovudsak ordinært vedlikehald, men det vil kome noko meirkostnadar knytt til at ein må nytte seg av linoljemåling. Kostnadane med tiltaka på Øvstastova er rekna saman med kostnadane med tiltak på stabburet. Garden er eigd av ei stifting som arbeider for å gjere den tilgjengeleg for ålmenta. Fylkesdirektøren tilrår at ein her løyver ein mindre sum til kvar av bygningane for å dekke meirkostnadar ved å nytte linoljemåling.
47	Fortidsminneforeningen	Gaupne gamle kyrkje	Tjærebreiing av kyrkja	1 004 000	1 000 000	350 000 (2021)	Tiltaket er i hovudsak ordinært vedlikehald, men det er kostbart å tjærebreie ei kyrkje, noko som gjer at fylkesdirektøren vurderer at vi kan løyve tilskot til dette prosjektet. Eigar søker om nærast fullfinansiering. Då tiltaket er å rekne som ordinært vedlikehald og fylkeskommunen har fått mindre tilskot enn det vi søkte om, har fylkesdirektøren valt å redusere forslaget om støtte til det.
Osterøy							
48	Leif Havre	Havrå, bruk 8, 10 og 11	Vøle undertak og legge på att stein på løa, skjøtsel, rydding av skog/gjengroing, m.m. Slått	645 000	645 000	170 000	Havrå er den einaste bevarte fjordgarden i Norge med klyngetun i ikkje utskifta eigedom. Prioriterer istandsetting av tak på løe, samt slått og klargjering til slått. Tildelast 150 000 til tak løe, og 170 000 til slått, klargjering av marka for slått, og skogrydding.
49	Leif Havre	Havrå, bruk 8, 10 og 11	Reparasjon av tak på løe	Sjå rad 48	Sjå rad 48	150 000	Løa er ein stor bygning, med pannestein på ei side og dråpestein på andre sida har lekkasjar frå taket. Tildelast 150.000 til å få lagt om og skifta ut knust og nedsigen takstein, og vøle undertak og troer.
50	Leif Havre	Havrå, bruk 8, 10 og 11	Reparasjonar på våningshus	Sjå rad 48	Sjå rad 48	Avslag	Reparasjon av mindre skader som knust vindauge, sprukne heller og lause bord. Tiltaka er dels vedlikehald, skadane er små, og søknaden har låg eigenandel.
51	Leif Havre	Havrå, bruk 8, 10 og 11	Reparasjonar på uthus	Sjå rad 48	Sjå rad 48	Avslag	Reparasjon av mindre skader som knust vindauge, sprukne heller og lause bord. Tiltaka er dels vedlikehald, skadane er små, søknaden har låg eigenandel.
52	Tone Mjelde	Steinmur i Mjellidalen	Plukke ned og reise opp att steinmurt gavlvegg på lemstova.	588 032	150 000	Avslag	Bygningen er eit lokalt kulturminne, og fell utanfor ordninga.

53	Helene Kjærland	Skjøtsel Havrå	Skjøtsel av kulturlandskap, slått, rydding av skog, m.m.	297 000	297 000	135.000	Havrå er den einaste bevarte fjordgarden i Norge med klyngetun i ikkje utskifta eigedom. Skjøtsel av landskapet er avgjerande for å nå bevaringsmåla i fredinga. Det vert tilrådd 135 000 til skjøtsel av landskapet.
54	Stiftinga Museumssenteret i Hordaland	Havrå, bruk 2, 4 og 6	Skjøtsel av kulturlandskap i tråd med heilårleg plan, spaing av åkrar, tradisjonell slått, styving av tre, stell og hogst i Berget, veitereparasjonar, m.m.	2 250 541	2 250 541	2 200 000	Havrå er den einaste bevarte fjordgarden i Norge med klyngetun i ikkje utskifta eigedom. Skjøtselen er handbasert og tradisjonsbasert i mest alle deler av den heilårlege drifta. Skjøtsel av landskapet må pågå kontinuerleg for at bevaringsmåla skal nåast. Det vert tilrådd 2 200 000 til skjøtsel av landskapet, på same nivå som i 2019.
55	Einar Ove Håland	Teodorhuset	Det vert søkt om støtte til istandsetting av bygning som rommar ein laftekasse som nyleg er dendrokronologisk datert.	977500	400 000	200 000	Nyleg datert tømmerkasse frå 1583 der det er bygningen rundt som er i dårleg stand. Fleire nødvendige tiltak er nemnt i søknaden som elles har høg eigendel. Vi prioriterer støtte til istandsetting av takkonstruksjonen og taktekkinga i denne omgang.
56	Museumssenteret i Hordaland	Havrå, Gullekshuset	Istandsetting: utbetring av tak, kledning, grunnmur, vindaug, dører. Søknaden gjeld supplerande finansiering av eit tiltak som fekk støtte i fjor, for å oppnå fullfinansiering.	100 000	100 000	Avslag	Tiltaka kan delast opp og igangsettast med dei midlane som alt er tildelte. Søknaden vert avslegen.
Sogndal							
57	Nils J. Knagenhjelm	Kaupanger hovedgård - hovudhuset	Maling av fasade, kitting og maling av vindauga langs sørfasaden av huset.	225 000	157 000	157 000	Stordelen av tiltaket er ordinært vedlikehald, men det kjem noko ekstra kostnader som fylje av bruk av linoljemaling. Eigar har mange freda bygningar noko som fører til stor vedlikehaldsbyrde. Fylkesdirektøren tilrår difor at det vert løyvd tilskot til dette tiltaket som omsøkt.
58	Nils J. Knagenhjelm	Kaupanger hovedgård - låven	Istandsetjing av taket på låven, montering av solcellepanel på sørsida	3 244 179	2 270 925	Avslag	Eigar har fått avslag på søknad om dispensasjon frå vedtak om freding for å montere solcellepanel på sørsida av taket på låven. Avslaget er klaga på og ligg no til handsaming hjå Riksantikvaren.

			av taket, nye dører til møkkakjellaren.				Fylkesdirektøren er open for at saka kan vurderast på nytt i 2021 etter at etter klagesaka er avgjort.
59	Nils J. Knagenhjelm	Kaupanger hovedgård - kulturlandskapet	Revegetering av slåtteeenger.	550 000	350 000	100 000 + 100 000 frå tilskot frå 2013 post 72.5	Rundt Kaupanger stavkyrkje og hovedgård er det ei stor områdefreding, og det er ynskjeleg at dette området framstår som eit ope jordbrukslandskap. Det omsøkte tiltaket vil opne opp ein del av landskapet til ei tradisjonell slåtteeeng og fylkesdirektøren er positiv til dette tiltaket. Fylkeskommunen har kr. 100 000,- i midlar frå 2013 løvyd til kulturlandskap og foreslår at desse midlane vert løyvd til dette prosjektet i tillegg til kr. 100 000,- frå post 71. Då fylkeskommunen ikkje fekk tildelt midlar til alle prosjekta vi søkte om for 2020 vert denne søknaden berre delvis imøtekomen.
60	Nils J. Knagenhjelm	Kaupanger hovedgård - kulturlandskapet	Søknaden omfattar mange ulike skjøtselstiltak i det freda området: Etterrydding etter hogst, såing, restaurering av gardsvegen mellom tunet og gardane på avsøla, forbygging av mur langs Kaupangselvi ved kraftstasjonen, drenering, oppsetting av nye gjerde rundt nye innmarksareal.	500 000	250 000	Avslag	Føremålet med tiltaka er i tråd med måla i forvaltningsplanen og skjøtelsesplanen. Enkelte av tiltaka er for dårleg utgreidd, nokon er ordinære tiltak for å opparbeide slåttemark. Deler av tiltaka er også utanfor det freda området. Då fylkeskommunen ikkje fekk tildelt midlar til alle prosjekta vi søkte om for 2020, tilrår fylkesdirektøren at denne søknaden ikkje vert prioritert i år.
61	Scoop AS	Hotel Mundal	Istandsetjing av vindauga og ytterdører.	10 961 500	3 000 000	1 500 000 (2021)	Hotel Mundal har bevart mange originale vindauga, samt nokon opphavlege ytterdører. Desse er viktige å bevare. Fylkesdirektøren er i utgangspunkt positiv til denne søknaden, men utfordringa er at eigar allereie har store prosjekt som er starta opp og ikkje ferdigstilte. Dette gjer at fylkesdirektøren er usikker på om eigar rekk å gjennomføre endå eit stort prosjekt samstundes. Av den grunn tilrår fylkesdirektøren hovudutvalet til å løvye eit tilskot frå førehandsløyvinga til dette prosjektet.
62	Elisabeth Tonheim	Heimdalsstrand - bustadhuset	Vidareføring av oppstarta arbeid med istandsetjing av utvendig			495 000	Eigar har i fleire år arbeidd med å setje i stand den opphavlege dekoren på bustadhuset på Heimdalsstrand og søknaden er for å ferdigstille dette arbeidet. Den utvendige dekoren er ein

			dekor. Montering av vêrskydd på nordveggen.				vesentleg del av føremålet med fredinga av huset og fylkesdirektøren finn det viktig at dette arbeidet vert ferdigstilt. Dekoren på nordgavlen er svært vêrutsatt og det er behov for å beskytte dekoren vinterstid. Montering av vêrskydd vil her bidra til bevaring av dekoren og fylkesrådmannen tilrår at det vert løvyd tilskot til både ferdigstilling av arbeidet med dekoren og vêrskydd på nordgavlen.
63	Kari-Anne Kirsebom Strandman	Loftesnes sorenskrivargard - hovudhuset	Reparasjon av svillstokk. Reparasjon av golv i bestestova m/etterisolering Reparasjon av grunnmur Restaurering av kalkpussa grunnmur i bestestova Vatten-til-vatten varmeanlegg med div. Installasjonar. Støyping av betonggolv.	2 059 518	1 670 304	1 200 000	Prosjektet inneheld både naudsynte konstruktive reparasjonar, men og standardheving. Reparasjon av tømmerkonstruksjon og murar er naudsynte bygningsmessige tiltak. Støypinga av nye golv og installasjon av varmeanlegg er standardheving.
Stryn							
64	Stiftelsen William H. Singer jr's og Anna Brugh Singers minde (anlegget er under freding)	Dalheim - villa Takrenner	Reparasjon av takrenner i kopar og utskifting av takrenner som ikkje kan reparerast.	584 000	574 000	374 000 + 100 000 (2021)	Takrennene på villaen har ein svært dårleg tilstand og det er nødvendig å setje dei i stand att for å unngå at bygningen får vasskadar. Stiftinga søkjer om ein svært høg grad av tilskot til arbeidet dette på grunn av vanskeleg økonomi. Fylkesdirektøren har vurdert at ein i dette tilfellet kan løyve eit høgt tilskot til dette tiltaket. Dette på grunn av at tiltaket hindrar ytterlegare skade på bygningen, eigar har ei høg vedlikehaldsbyrde med ein stor bygningsmasse som skal vedlikehaldast og at dette er eit anlegg som er tilgjengeleg for ålmenta. Då fylkeskommunen ikkje fekk heile det tilskotet vi søkte om for 2020, tilrår fylkesdirektøren at ikkje heile søknaden vert imøtekomen.
65	Stiftelsen William H. Singer jr's og	Dalheim - villa Takoverbygg	Reparasjon av to mindre takoverbygg i første etasje.	61 000	56 000	50 000 (2021)	Takoverbygga har behov for å setjast i stand for å unngå skade på bygningen. Søkjar har foreslått å endre taktekke, men då

	Anna Brugh Singers minde						bygningen er under fredning må eit tilskot gjevast på vilkår at ein nyttar same type taktekke som er der i dag.
66	Stiftelsen William H. Singer jr's og Anna Brugh Singers minde	Dalheim - mur bak bungalow	Oppattmuring av bakkemur bak bungalowen.	259 000	239 000	239 000	<p>Bungalowen på Dalheim ligg i eit svært bratt terreng og bakkemuren på baksida av den har rast ut. Ei fylje av dette er at kjøkkendøra ikkje kan nyttast. Bakkemurane i anlegget er også eit viktig element i hagen. Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at muren vert mura opp att slik at tilkomsten til huset frå baksida igjen kan brukast.</p> <p>Stiftinga søker om ein svært høg grad av tilskot til arbeidet dette på grunn av vanskeleg økonomi. Fylkesdirektøren har vurdert at ein i dette tilfellet kan løyve eit så høgt tilskot. Dette på grunn av at tiltaket hindrar ytterlegare skade på bygningen, eigar har ei høg vedlikehaldsbyrde med ein stor bygningsmasse som skal vedlikehaldast og at dette er eit anlegg som er tilgjengeleg for ålmenta.</p>
67	Stiftelsen William H. Singer jr's og Anna Brugh Singers minde	Dalheim - mur bak driftsbygningen	Oppattmuring av betongmur bak driftsbygningen.	131 000	131 000	131 000 (2021)	På baksida av driftsbygningen er det ein betongmur som held på å rase ut. Stiftinga søker om tilskot til å setje opp ein tørrmur her i staden for betongmuren. Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at muren vert sett i stand, men at den må setjast opp att som betongmur slik den opphavleg var og ikkje som ein tørrmur. Dette av di hagen og innmarka er viktige element i anlegget og ein ynskjer ikkje å endre type mur frå det opphavlege.
68	Stiftelsen William H. Singer jr's og Anna Brugh Singers minde	Maleri av Martin Borgord	Restaurering av maleri og ny ramme.	128 000	128 000	0	Maleriet er ein interessant og viktig del av historia om ekteparet Singer, og det hadde vore ynskjeleg å fått dette restaurert. I forslag om fredning av anlegget er ikkje maleriet tatt med på lista over lause gjenstandar som ein føreslår å frede. Av den grunn har fylkesdirektøren vurdert at vi ikkje kan løyve tilskot frå post 71 til dette prosjektet.
69	Stiftelsen William H. Singer jr's og Anna Brugh Singers minde	Bakkemur ved vedhuset		116 000	116 000	116 000 (2021)	Tiltaket er viktig å få gjennomført på sikt då muren held på å rase ut. Stiftinga søker om mange ulike prosjekt og dette er av dei prioritert lågt. Fylkesdirektøren er einig i denne vurderinga og tilrår at hovudutvalet tildeler tilskot til andre prosjekt ved anlegget for 2020 og at det kan løyvast tilskot til dette prosjektet i 2021.
70	Stiftelsen William H. Singer jr's og	Bakkemur vest for villaen		70 000	70 000	70 000 (2021)	Tiltaket er viktig å få gjennomført på sikt, då muren held på å rase ut. Stiftinga søker om mange ulike prosjekt og dette er av

	Anna Brugh Singers minde						dei prioritert lågt. Fylkesdirektøren er einig i denne vurderinga og tilrår at hovudutvalet tildeler tilskot til dei andre prosjekta på Dalheim for 2020, og at det kan løyvast tilskot til dette prosjektet i 2021.
71	Henny Staalnacke	Tingvoll - bustadhuset	Avdekking, undersøking og reparasjon av moglege roteskadar i bjelkelag og bereveggar. Innervindaug til originalvindaug i andre høgda.	290 431	203 000	183 000	Avdekking og reparasjonen av roteskader er eit naudsynt tiltak for å ta vare på den freda bygningen. Innervindaug er ein standardheving, men gjer det mogeleg å ta vare på dei originale vindauga.
Sveio							
72	Andres Blytt	Vedaskuten på Einstabøvoll gard	Istandsetting av takkonstruksjonen	349 687	349 687	250 000 (2021)	Eit arkitektur- og kulturhistorisk viktig døme på eit steinbygd gardstun frå første del av 1800-talet der av totalt 14 freda bygg er det kun våningshuset som er oppført i tre, medan dei andre er oppført i stein frå steinbrot ved garden. Eigar fekk tilskot i 2019 og førehandstilsegn i 2020 til istandsetting av stallen, og arbeidet fortsett i 2020. Istandsetting av takkonstruksjonen på vedaskuten er viktig, men det er ikkje rom for å gje støtte til dette tiltaket i år, og difor tilrår fylkesrådmannen førehandsløyve til vedaskuten.
Ullensvang							
73	Stiftinga Hesthamar skrivargard	Hesthamar skrivargard	Istandsetting av fire rom, med nye golvbjelkar og dels nye golvbord, reparasjon av setningsskader, istandsetting av dører, maling av tak og dører. Dessutan kartlegging av farger og tapet i alle rom, og innreiing av kjøkken.	1 090 750	775 000	700 000	Tiltaka inneber ei vidareføring av pågåande istandsettingsarbeid. Huset vert rekna som eit av landets best bevarte embetsmannshus frå si tid. Tiltaka vil leggja til rette for ålmenn bruk av huset. Utbetring av golv og setningsskader er vesentleg for ivaretaking av huset. Innreiing av kjøkken reknast som oppgradering og vert ikkje prioritert.
73	Tillik Haustveit	Utne hotel	Under tiltak er det nemnt: Restaurering av golv, Restaurering/utskifting	3 365 325	3 365 325	200 000 + 500 000 (2021)	Omfattande søknad for å gjere hotellet klart til 300 års jubileet i 2022. Under tilstandsregistreringa hausten 2019 vart brannalarm-systemet framheva som det mest prekjære tiltaket. Også fleire av vindauga har trong for istandsetting/

			av vindauge, Universell utf. Inngangsparti, oppgradering restaurant og siderom, Nytt detektorsystem for brann. Fasader mm.				restaurering. Fylkesdirektøren tilrår støtte til nytt brannalarmsystem og restaurering av vindauge, samt førehandstilsegn for 2021 på kr 500.000,-.
75	Smelteverkstomta næringsutvikling as / Karstein Bremnes	Odda smelteverk Ovn 3	Maling nordvegg og dels austvegg på Omn 3 i Odda smelteverk, skifte blymaling ved traforom, sikring eternittplater, prosjektleiing.	1 260 000	1 260 000	530 000	Omn 3 i Odda Smelteverk er eit sjeldant bygg som ikkje kan brukast før sikring og giftsanering i stort omfang, og kostnadane er særleg tyngande. Sikring av blymaling og eternittplater ihht miljøundersøking vert prioritert.
76	Esben Aga	Asbjørnstova i Agatunet	Søknaden beskriv omlegging av helletaket på Røykstova, og i den samanheng skifte ut råteskada bygningsdeler og element.	431 875	391 875	300 000	Det har dei siste åra vore gjennomført minst eit takprosjekt i Agatunet pr år. Angrep av husbukk er ei tilleggsutfordring i Agatunet, som fort kan medføre endring i skade- og kostnadsbiletet. Generelt har prosjekta i Aga tunet god styring og kompetente handverkarar.
77	Importkaien Odda AS/ Ingvald Torblå	Odda smelteverk Importkaien	Søker om tilskot til å sikre kaifundamenta Importkaien står på. Pilarane til sjøbotnen har skadeutvikling, som må utbetrast for at importkaia kan verte ståande og få ein bruk.	5 998 206	3 000 000	2 000 000 (2021)	Bygningane på importkaia står opne for ver og vind, på pilarar i sjø, og er avhengig av sikringstiltak i stort omfang. Det er avdekka skader i kaifundamenta. Sikring av kaifundamenta er avgjerande for å utløse sikringstiltak på den freda bygningen som står på kaia. Oppdeling av prosjektet vil gje svært dårleg ressursutnytting. Tiltaket er godt prosjektert. Overhending av formelt eigarskap til søkjar er vedteke i kommunestyret og pågår, og søknadsummen er for stor til å løyvast for 2020. Det tildelast 2 000 000 i førehandstildeling for 2021, avhengig av at eigarskiftet frå kommunalt til privat er kome på plass.
78	Stiftelsen Agatunet	Johans-stabbur	Helletaket skal demonterast og merkast og mellombels lagrast ståande i kassar. Rote sperr og trobord/helleiro skal skiftas ut. Bygningsdelar skal sprøytes mot husbukk. Vindauge skal vølast og rote kledning skiftast ut.	421 640	350 000	270 000	Det har dei siste åra vore gjennomført minst eit takprosjekt i Agatunet pr år. Angrep av husbukk er ei tilleggsutfordring i Agatunet, som fort kan medføre endring i skade- og kostnadsbiletet. Generelt har prosjekta god styring og kompetente handverkarar.

			Steintrapp og steinstabbar skal justerast.				
Voss herad							
79	Aslaug Jorunn Nestås	Yståstunet, bislag på hovudbygning	Søknaden beskriv tilbakeføring av bislaget til å ha tette vegger, med vindu og dør. Vinterstid er det problem med mykje snø som pakkar seg inntil noverande dør. Sommarstid regnar det inn.	130 000 / 340 000	340 000	50 000	Eigar ynskjer å tilbakeføre bislaget. Det er grunna i at snøen samlar seg inne i bislaget og fører til problem med tilkomsten. Søknaden har vedlagt foto som syner det opphavlege bislaget som hadde kledning på alle sider samt vindauge og dør. Vi har motteke ny kalkyle for tiltaket no i februar. Den nye kalkyla syner kostnader på vel 130 000,-. Ein god del av tiltaket er oppgradering.
80	Eirik Øvreeide	Rekvemylna	Vidareføring av istandsetting av mølleteknisk utstyr: montering av vasshjul og aksling til vadmelsstampen, sikring og tillaging av kvernsteinane, full istandsetting av øvre og nedre slåker	620 000	620 000	50 000 + 200 000 (2021)	Eit sjeldsynt kulturminne av si art, der det tekniske utstyret utgjer ein vesentleg del. Eigar legg ned stor innsats og ønskjer å driva formidling av kulturminnet. Terrenghøva utgjer ei særskilt utfordring. Det vert difor prioritert å vidareføre den pågåande istandsetjinga. Delar av omsøkte tiltak overlappar med tiltak som fekk tilskot i fjor og vert difor ikkje støtta: dette gjeld arbeid med turbinar.